

Sirdal lensmannskontor  
v/Egil Netland  
Postboks 101  
4441 TONSTAD

### **Lensmannskontor vs. politikontakt i Sirdal kommune**

Sirdal bygdekvinnelag ser med uro på situasjonen i Sirdal etter nærpoliti-reformen med berre tre opningsdagar og to polititenestemenn att på Tonstad.

Politiet skal både førebyggja, handheva og driva hjelpande verksemd, og då er det viktig at politiet er synleg, lokalkjent og tilgjengeleg om noko skulle skje. I ein kommune med i periodar opp mot ei tidobling av folketalet og mange turistar sommarstid, vert det mykje ferdsel i fjellet. Risikoen for leiteaksjonar, ulukker og snøskred blir stor, og skulle ulukka vera ute, er det viktig at politiet som koordinerande instans er lokalkjende og raskt på staden. Må ein rykkja ut frå Eigersund, tar det mest to timar berre i køyring om det skjer noko i t.d. Ådneram, og det kan ikkje vera tilfredsstillande responstid. Det same gjeld i helger med stor utfart, og det burde vera sjølv sagt at det var synleg politi i Sirdal i helgene, spesielt i vinterhalvåret. Erfaring tilseier at lite synleg politi fører til meir fyllekøyring, og me har dei siste åra hatt store problem med rånarar frå Rogaland når den første frosten og snøen kjem.

Sirdal er òg sårbar om ein tenkjer på terroranslag eller planlagd sabotasje mot m.a. Sira-Kvina kraftstasjon og Ertsmyra transformatorstasjon.

I Stavanger Aftenblad 31. mars 2018 skriv Lars Petter Bartnes, leiar i Noregs bondelag, i "Levende distrikter gir deg god hyttepåske" at "både butikken, legevakta, breibandet den brøyta parkeringsplassen og skiløypen er der fordi det bor folk der. Ikke bare i feriene, men 365 dager i året." Han kunne like gjerne ha tatt med politiet. "At vi har levende bygder med folk, arbeidsplasser og et velferds- og servicetilbud, er en stor verdi for dem som har valgt å leve i distriktene. Det har også en verdi for dem som bruker bygda (...)." Me fryktar at polititilbodet i Sirdal skal bli endå meir redusert, ev. flytta til Egersund. I staden ynskjer me at det alltid skal vera politi til stades på dagtid når kontoret er ope, fem dagar i veka, og at det er tre polititenestemenn i Sirdal, slik at det er god dekning i helger og feriar òg.

Sinnes 24.04.18

Sirdal bygdekvinnelag

Kopi til Sør-Vest politidistrikt v/politimester Hans Vik og  
GDE Jæren, Sandnes og Dalane Oddvar Tengesdal